



VINJE KOMMUNE

MØTEBOK

Utval	Stad	Dato	Kl.
Plan- og miljøutvalet	Formannskapssalen	11.02.2015	09:00

Desse representantane møtte

Namn	Repr	Vara for
Tone Edland	SP	
Lena Romtveit	SP	
Oscar Garnes	V	
Roar Berg Hansen	AP	
Johan Vaa	SV	Øystein Høgetveit
Anne Råmunddal	H	Nils Vågslid DY
Svein Ekre	AP	Ingunn Hustveit

Saker til handsaming	15/12 - 15/19
----------------------	---------------

Merknader

Andre som møtte

Namn	Stilling
Lotte Næss	Arealplanleggjar
Turid O. Mæland	Plan- og byggjesakshandsamar
Lasse Mathisen	Landbruksrettleiar
Thor Christiansen	Landbruksrådgjevar
Signe Vinje	Plan- og byggjesakshandsamar
Silje Hagen	Barnerepresentant

Tone Edland
leiar

Reidun Lofthus
administrasjonssekretær

Saksliste

Saksnr	Tittel
--------	--------

PS 15/12	Referat og meldingar
PS 15/13	Transportløyve 2015 - tilleggssøknadar
PS 15/14	Forenkling av utmarksforvaltniga - høyring
PS 15/15	Søknad om deling av gnr. 148/7 - Tomas Brårmo
PS 15/16	Framlegg til detaljregulering for Listaullia tomt 52 - 1 gongs handsaming
PS 15/17	Søknad om dispensasjon til å skilje frå bustadtomt frå 99/6 på Vågslidnes
PS 15/18	Detaljregulering for Kyrkjestøylane 88/2 - klage
PS 15/19	Framlegg til detaljregulering for Myrbø 46/4 -1 gongs handsaming

PS 15/12 Referat og meldingar

- RS 15/23 Møtebok frå førre møte
- RS 15/24 Vedtak - Søknad om frådelling tilleggsareal - gnr. 147/1 - Gunnulv Lien
- RS 15/25 Sluttutbetaling - SMIL-tilskot til rydding og inngjerding av kulturmark på gnr. 67/4
- RS 15/26 Sluttutbetaling - tilskot til investering i beitefelt - Stavs fjell Beitelag
- RS 15/27 Oppfølging - Landbruksplast i Vinje og Renøvest
- RS 15/28 Uttale frå Vinje kommune - Søknad om tilskot frå Fjellandbruket til gardsmat på gnr. 106/1
- RS 15/29 Buplikt på bustad gnr. 140/126 i Vinje
- RS 15/30 Sluttutbetaling - SMIL- tilskot til restaurering av tak på gammalt fjøs på gnr. 67/4
- RS 15/31 Sluttutbetaling - SMIL-tilskot til restaurering av kvern - Øyffjell Bygdemuseum
- RS 15/32 Søknad om deling / grensejustering - gnr. 73/1, 73/8
- RS 15/33 Sluttutbetaling - SMIL-tilskot til rydding av attgrodd kulturbeite - gnr. 57/1
- RS 15/34 Sluttutbetaling - tilskot til rydding av gamal kulturmark på gnr. 57/1
- RS 15/35 Søknad Fjellandbruk Vinje - bondedugurd 2016
- RS 15/36 Varsel om misleghald - buplikt på gnr. 64/15 i Vinje
- RS 15/37 Uttale frå Vinje kommune - Søknad om tilskot frå Fjellandbruket til planlegging på gnr. 17/1
- RS 15/38 Varsel - Buplikt på landbrukseigedomen gnr. 136/7,30,34 i Vinje
- RS 15/39 Avvising av klage - frådelling av parsell 131/4 (kopi)
- RS 15/40 Vedtak - Søknad om deling/justering av gnr. 147/1 - Gunnulv Lien
- RS 15/41 Vedtak - Søknad om kommunalt tilskot til grøfting på gnr. 117/7
- RS 15/42 118/23 Øyffjell - Løyve til tiltak - PBL § 20-1 veg
- RS 15/43 150/231, tomt 394 - Holtardalen - Løyve til tiltak jf. pbl § 20-1 - 2 stk. fritidsbustadar
- RS 15/44 99/556 Vågslid - Løyve til tiltak - PBL § 20-1 garasje
- RS 15/45 150/1 - Holtardalen - Løyve til tiltak jf. pbl § 20-1 - Veg, vatn og avløp
- RS 15/46 150/413 Rauland - Løyve til tiltak - PBL § 20-1 fritidsbustad
- RS 15/47 Søknad om løyve til enkle tiltak - Minirensanlegg -
- RS 15/48 150/161 Rauland - Løyve til tiltak - PBL § 20-1 tilbygg
- RS 15/49 133/4 Rauland - Søknad om løyve til tiltak jf pbl §20-1 - Minirensanlegg

Handsaming i Plan- og miljøutvalet 11.02.2015:

Plan- og miljøutvalet diskuterte klagesak handsama av utvalet 14/135. Klagesaka ligg nå hjå fylkesmannen. Utvalet har bede fylkesmannen om eit møte i høve denne saka.

Det har kome svar frå fylkesmannen der dei avviser eit møte om sjølve saka, men at dei kan ta eit møte for å diskutere problemstillingane generelt.

Utvalet vedtok samrøystes at dei bed fylkesmannen om eit slikt møte og at fylkesmannen ventar med å handsame klagesaka til eit slikt møte er gjennomført.

Plan- og byggjesakshandsamar Signe Vinje informerte om situasjonen nå vedkomande skuterløyper i Vinje.

Framlagde referat og meldingar blei teke til etterretning.

PS 15/13 Transportløyve 2015 - tilleggssøknadar

Rådmannens framlegg til vedtak:

Plan- og miljøutvalet tildeler med heimel i forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag §5 a), transportløyve til alle søkjarane.

Rådmannen,

Jan Myrekrok, rådmann /s/

Handsaming i Plan- og miljøutvalet 11.02.2015:

Framlegget frå rådmannen blei samrøystes vedteke.

Plan- og miljøutvalet tildeler med heimel i forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag §5 a), transportløyve til alle søkjarane.

PS 15/14 Forenkling av utmarksforvaltniga - høyring

Rådmannens framlegg til vedtak:

Vinje kommune ser positivt på det arbeidet ein legg opp til i høve til foreinkling av utmarksforvaltninga. Svært viktig å vere merksam på små fagmiljø og avgrensa bemanningsressursar i mange kommunar.

Rådmannen, 03.02.15

Jan Myrekrok, rådmann /s/

Handsaming i Plan- og miljøutvalet 11.02.2015:

Framlegg frå SV v. Johan Vaa:

Tillegg:

I høve til statsålmenningar og lokal førerrett til bruk, vil ein understreke at slik førerrett ikkje må bli skipla ved revisjon av Fjellloven.

Når det gjeld samansetting av framtidige utmarksstyre, meiner ein elles at alle kommunane må vere representerte.

Framlegget frå rådmannen med tilleggsframlegg frå Vaa blei samrøystes vedteke.

Vinje kommune ser positivt på det arbeidet ein legg opp til i høve til foreinkling av utmarksforvaltninga. Svært viktig å vera merksam på små fagmiljø og avgrensa bemanningsressursar i mange kommunar.

I høve til statsålmenningar og lokal førerrett til bruk, vil ein understreke at slik førerrett ikkje må bli skipla ved revisjon av Fjelllova.

Når det gjeld samansetting av framtidige utmarksstyre, meiner ein elles at alle kommunane må vere representerte.

PS 15/15 Søknad om deling av gnr. 148/7 - Tomas Brårmo

Rådmannens framlegg til vedtak:

Plan- og miljøutvalet gjev Tomas Brårmo løyve til frådeling av tomt som omsøkt frå gnr. 148/7 etter jordlova § 12. Søknad om frådeling av fritidstomt vert og godkjent jf plan og bygningslova § 11-6

Rådmannen,
Jan Myrekrok, rådmann /s/

Handsaming i Plan- og miljøutvalet 11.02.2015:

Framlegg frå rådmannen:

Tillegg:

Tomt som kan delast frå kan vere inntil 1,5 dekar.

Framlegget frå rådmannen med tillegg blei samrøystes vedteke.

Plan- og miljøutvalet gjev Tomas Brårmo løyve til frådeling av tomt på inntil 1,5 dekar frå gnr. 148/7 etter jordlova § 12. Søknad om frådeling av fritidstomt vert og godkjent jf plan og bygningslova § 11-6

PS 15/16 Framlegg til detaljregulering for Listaulia tomt 52 - 1 gongs handsaming

Rådmannens framlegg til vedtak:

Framlegg til detaljregulering for Lisatullia tomt 52 vert lagt ut til offentleg ettersyn i medhald av pbl § 12-10, med endringane nemnt i rådmannens vurdering.

Rådmannen,
Jan Myrekrok, rådmann /s/

Handsaming i Plan- og miljøutvalet 11.02.2015:

Framlegget frå rådmannen blei samrøystes vedteke.

Framlegg til detaljregulering for Lisatullia tomt 52 vert lagt ut til offentleg ettersyn i medhald av pbl § 12-10, med endringane nemnt i rådmannens vurdering.

***PS 15/17 Søknad om dispensasjon til å skilje frå bustadtomt
frå 99/6 på Vågslidnes***

Rådmannens framlegg til vedtak:

Plan og miljøutvalet gjev avslag på søknad om dispensasjon til frådelling av bustadtomt på Vågslidnes som omsøkt jf plan og bygningslova § 19-2.

Rådmannen,

Jan Myrekrok, rådmann /s/

Handsaming i Plan- og miljøutvalet 11.02.2015:

Framlegg frå Ap v. Roar Berg Hansen:

Saka blir utsett til våren, slik at utvalet kan ta ei synfaring på staden.

Framlegget frå Berg Hansen blei samrøystes vedteke.

Saka blir utsett til våren, slik at utvalet kan ta ei synfaring på staden.

PS 15/18 Detaljregulering for Kyrkjestøylane 88/2 - klage

Rådmannens framlegg til vedtak:

Klaga frå Sverre Gundersen v/ adv. Skjelbred datert 16.01.15 vert ikkje teken til fylgje. Ein rår til noko omlegging av vegen til 88/2/1 slik at den blir slakare, som skissert i rådmannens vurdering.

Rådmannen,

Jan Myrekrok, rådmann /s/

Handsaming i Plan- og miljøutvalet 11.02.2015:

Framlegget frå rådmannen blei samrøystes vedteke.

Klaga frå Sverre Gundersen v/ adv. Skjelbred datert 16.01.15 vert ikkje teken til fylgje. Ein rår til noko omlegging av vegen til 88/2/1 slik at den blir slakare, som skissert i rådmannens vurdering.

PS 15/19 Framlegg til detaljregulering for Myrbø 46/4 -1 gongs handsaming

Rådmannens framlegg til vedtak:

Framlegg til ny detaljregulering Myrbø 46/4 vert lagt ut til offentleg ettersyn i medhald av pbl § 12 - 10, i to alternativ.

Rådmannen,

Jan Myrekrok, rådmann /s/

Handsaming i Plan- og miljøutvalet 11.02.2015:

Framlegg frå V v. Oscar Garnes:

Framlegg til ny detaljregulering Myrbø 46/4, alternativ B, vert lagt ut til offentleg ettersyn i medhald av pbl § 12 – 10.

Framlegget frå Garnes blei samrøystes vedteke.

Framlegg til ny detaljregulering Myrbø 46/4, alternativ B, vert lagt ut til offentleg ettersyn i medhald av pbl § 12 – 10.